



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune

27 OKT 2014

Dig Plan AS
Smålonane 2
5353 STRAUME

Behandlende enhet:

Saksbehandler/innvalgsnr:

Sigmund Bødal - 55516146

Vår referanse:

2014/122541-002

Deres referanse:

Vår dato

23.10.2014

Søknad om ny avkjørsel og dispensasjon frå byggjegrænse - fv. 202 - gnr. 40 bnr. 78 - Telavåg i Sund kommune

Vi viser til brev I frå Dykk motteke hos oss 03.10.14 med ovanemnde søknader til uttale.

Ny avkjørsel

Slik vi forstår er det eit ønskje om å etablere ny avkjørsle på Fv 202 for nye bustadar på gbnr 40/78. Det er eit mål for Statens vegvesen å kunne oppretthalde og utvikle eit vegnett som i minst mogleg grad opnar for trafikkulukker. Dette er mellom anna nedfelt i dei rikspolitiske retningslinene, der det er lagt stor vekt på trafikktryggleik og trygge lokalmiljø. Vår erfaring er at desto fleire avkjørsler og kryss ein har på ein veg desto større er risikoen for at det oppstår trafikkulukker. I denne type ulukker er det eit stort skadeomfang og resultata kan dessverre ofte vere fatale. I denne saka på Fv 202 ser vi at det er ei rekkje avkjørsler mellom anna til bustadfelt, idrettsanlegg og Nordsjømuseet innanfor ein relativ kort distanse. Vi vurderer difor at ei ny avkjørsle på staden ikkje vil bidra til auka trafikktryggleik på Fv 202. Ny avkjørsel som vist på vedlagt skisse vurderer vi som uaktuelt. Vi ber om at det for dette prosjektet vert vurdert å knyte seg til eksisterande avkjørsler i området, til dømes veg til bustadfeltet sørvest av planområdet. Ny avkjørsle må også ta med gbnr 40/21. Vi ser ikkje bort i frå at det må gjerast endringar på eksisterande avkjørsler, når nytt avkjørselspunkt skal vurderast av Statens vegvesen.

Byggjegrænse

Vidare tek Dykk opp tilhøvet til byggjegrænse til Fv 202. Den er i utgangspunktet 50 meter, jfr § 29 i Veglova. Som Sund kommune har opplyst vurderer dei Fv 202 med byggjegrænse på 30 meter. Dette har bakgrunn i Rammeplanen for avkjørsler og byggjegrænser i Region Vest, vedteken av Hordaland fylkeskommune i 2013, der Fv 202 er oppført med denne byggegrensa. Vi forstår at dykk ønskjer ein dispensasjon på 15 meter. Byggjegrænsa har som kjent som intensjon å leggje til rette for gode bustadområde. Dette er områder som er skjerma for trafikkstøy og støv frå biltrafikken. I tillegg skal områda vere areal der mellom anna born og unge kan ferdast i leik og fritid utan å kome i fare for å kome i konflikt med trafikken på fylkesvegnettet.

Vi vurderer 15 meter frå bustadhusa til midten av Fv 202 til å vere ei alt fort distanse for at det kan skapast eit godt bustadmiljø. Vi legg til grunn Sund kommune si vurdering av byggjegransa og ikkje minst Rammeplanen. Vi kan ikkje sjå at det er nokre tungtveiande faglege årsaker som skal kunne rettferdiggjere ei byggjegransa på 15 meter. I dette området held vi fast ved Rammeplanen og krev ei minimum byggjegransa på 30 meter.


Vedtak:

Med heimel i veglova §§ 29 og 30 vedtek vegvesenet å avslå søknad om dispensasjon frå byggjegransa på 15 meter for 4 bueningar på gbnr 40/78 i Sund kommune.

Klagerett

Vedtaket kan påklagast, jamfør vedlagt "Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak."


Plan og forvaltning, Bergen



Odd Høydalsvik

Sjefsingeniør

Kopi: Sund kommune



Sigmund Bødal
overingeniør